

Reisebrev frå University of California, Berkeley



Vinter på Campus. I bakgrunnen står "Sather Tower", oppkalt etter nordmannen Peder Sæther, den lokale bankmannen som også var ein av dei tidlege donorane til UC Berkeley.



Hjalmar Eiksund

Høgskulen i Volda / Universitetet i Bergen

NAFOL kull 7

15. august 2017 - 15. juni 2018

Det står 15. mai på kalenderen, og tida som *visiting student researcher* her ved University of California, Berkeley er snart omme. Det har vore eit innhaldsrikt år. Eg har fått nyttig fagleg påfyll, har skrivne mykje, og eg har fått friska opp engelsken min. Året har gitt meg innsyn i rolla universiteta spelar i det offentlege ordskiftet her i USA, og eg har kome i kontakt med mange flotte folk - både i fagleg samanheng og privat. Men ikkje minst har vi som familie fått eit særeige år å sjå tilbake på.

Kvifor reise?

Det er fleire gode grunnar til at ein bør ta turen utanlands som **NAFOL-student**. Den umiddelbare grunnen er å kome i nærkontakt med internasjonale kapasitetar som eg elles berre finn i bøker og artiklar. Det skjer alltid mykje ved eit universitet som Berkeley, og berre det å vere her har gitt meg sjansen til å møte på førelesingar, konferansar og konsertar som dukkar opp, med alt frå besøkande professorar og bedrifter til musikalske virtousar. I tillegg er universitetet rekna som årestaden for mykje av det liberale tankegodset i USA. Dette viser att i korleis studentar og tilsette engasjerer seg sosialt og politisk - også utanfor campus. På **Sproul Plaza** kan alle låne PA-anlegg av universitetet for å ytre meningane sine, og det gjer folk - til stormande jubel og sterke protestar. Første månaden var det store protestmarsjar ein gong i veka. Ofte mot politikken til Trump, men også våpenlovene eller Israel/Palestina-konflikten. Det er ikkje utan grunn at fleire omtalar byen og universitetet som "Berserkeley". Det er inspirerende å vere ein stad som er så på hugget både fagleg og politisk.

Ein annan viktig grunn er utanfrå-blikket utanlands-året gir på eige fag. Eg har hatt kontor ved **Graduate School of Education (GSE)**. Kontaktpersonen min, professor **P. David Pearson**, har vore ei viktig stemme innan literacy-forskinga sidan 70-talet, og eg har vore heldig og tatt aktivt del i forskargruppa hans. Den er samansett av eit knippe internasjonale ph.d.-studentar frå USA, Singapore, Kina, Malaysia, England - og meg sjølv frå vesle Noreg. Det er utfordrande å diskutere norskfaget for utanforståande, men utbyttet har vore bra. Sjølv om eg ser på parallell opplæring i bokmål og nynorsk, og **Alexander** ser på bruk av teikneseriar for dyslektikarar, kan vi lære av kvarandre. Med **Dorcus** har eg utveksla artiklar om tospråklegheit, medan **Leslie** har gitt meg viktige lesetips knytt til diskursteori. Eg har t.d. opplevd at forskjellen på hovudmål og sidemål kan legge grunnlaget for ein heil time med diskusjonar om likskapen til lese- og skriveopplæring i Kina. Heile tida med Pearson til stades, som samlar trådane og auser av dei årelange røynslene sine.



P. David Pearson under ein utdanningskonferanse i Tolman Hall ved Berkeley..

Ein tredje motivasjon for meg var å bli betre i engelsk, og spesielt akademisk engelsk. Sjølv om dei fleste skandinavar blir rekna for å vere rimeleg gode i engelsk, er det til god hjelp å måtte snakke språket i uvante settingar. Slik får ein luka bort dei verste uttale-feila og får fylt opp ordforrådet av daglegdags engelsk. Eg brukt mykje av året på å skrive (og re-skrive) engelske artiklar og abstrakt, og har tatt del på både seminar og konferansar med eige materiale. Då hjelper det godt å ha folk med god oversikt over engelsk fagterminologi på nabopulsten. Mange opplever å vere overlatt til seg sjølv som visiting scholar. Det er i stor grad opp til kvar enkelt å sosialisere seg og ta kontakt med andre tilsette. UC Berkeley har eit godt utbygd tilbod av kurs i alt frå akademisk skriving til taleteknikk. Det er dermed fullt mogleg å få språkleg påfyll.



Fasaden på Tolman Hall, staden der GSE held til. Bygninga skal rivast når vi reiser. Ho er ikkje jordskjelvtrygg.

Korleis få innpass?

For mange vil nok tanken på eit år ute verke utfordrande, og både det omfattande papirarbeidet og kostnadene som er knytt til eit utanlands-opphald kan verke avskrekkande. Dersom ein likevel ønskjer å prøve å reise til USA, er det fleire ting som er med på å gjere arbeidet overkomeleg.

Den viktigaste føresetnaden er å kome i kontakt med ein interessant professor som er villig til å stå som *fagleg sponsor* under opphaldet. Dette har ikkje noko med økonomi å gjere, men professoren må gå god for at du som besøkande reiser ut etter at opphaldet er over. Denne godkjenninga er det som skaffar visum hos ambassaden, så dette kan ta litt tid. Tilsette ved amerikanske universitet er likevel godt vane med å ta imot *Visiting scholars*, og dei er derfor klare over kva som må til. På Berkeley åleine er det 1500 besøkande kvart semester. Det kan derfor ta noko tid å få alt det

formelle på plass, noko som gjer at ein helst bør starte planlegginga minst eitt år i førevegen. Vi brukte 7 månader, noko som var i knappaste laget.

Når ein først har invitasjonen på plass, er det mykje som legg seg til rette. Norske høgskular og universitet har forskjellige økonomiske ordningar, og NAFOL er også generøse nok til å støtte økonomisk. I tillegg finst det fleire stader å søke om stipend for forskarar med utferdstrong - så sant er tidsnok ute. Sjølv var eg for seint for det meste - nok ein grunn til å planlegge utreisa i god tid. Likevel er den viktigaste grunnen til at eit USA-opphald kan bli overkomeleg, ein spesiell skatteavtale mellom Noreg og USA. Så lenge ein har status som visiting scholar og dermed får innvilga J-visum, kan ein søkje skatteetaten i Noreg om lågare skatt. Det trengst, for utgiftene i Berkeley høge, og skatteavtalen gjer sitt til at inntektene som stipendiat rekk litt lenger.



Bonus: Opphaldet i USA gir familien sjansen til å oppsøke kjente landemerke, som til dømes Grand Canyon i Arizona.

Med familien på lasset

Både kona mi og eg har vore heldige å hatt status som visiting scholars ved UC Berkeley dette studieåret. I tillegg har vi fire born. Eldstejenta (20) er student i Trondheim, og tar andreåret av bachelor-graden her ved UC Berkeley. Ho bur i studentkollektiv og trivst godt som student på eiga hand. Dei tre yngste ungane våre går på amerikansk skule og har på kvar sine måtar hatt sine USA-opplevingar dette året.

Dei offentlege skulane i Berkeley er rekna for å vere svært bra, og svært spennande å følgje på

nært hald. For å få skuleplass må ein vise fram pass og tilsettattestar frå universitetet. Ein må ha med originale fødselsattestar, vaksinasjonskort og legeattestar for alle barna. I tillegg må vi vise gyldig kontrakt og kvittering på husleige, vassavgift og ha klare amerikanske telefonnummer. Alt for å kunne dokumentere at vi bur i rett skulekrins, at vi er dei vi seier vi er, og at vi er her av grunnen vi oppgir. Det kan også vere lurt å ha amerikansk bankkonto.

Minstemann (9) er elev ved ein av dei offentlege barneskulane i Berkeley, medan dei to i midten (14 og 18) er elevar ved **Berkeley High School (BHS)**. BHS har omkring 3600 elevar, så overgangen frå dei oversiktelege skulane heime i Volda til den store og innhaldsrike High School-campusen i Berkeley var stor. Vi trur likevel at erfaringane dei får med seg er noko å ta med seg vidare i livet, trass i små og store kultursjokk. Toleransen og openheita blant den jamne innbyggaren her er stor, samstundes som den offentlege armada er synleg gjennom alle dei heimlause i gatene.

Vi har hatt eit flott år her i Berkeley, og reiser heim med mange gode minne og nyttige erfaringar. Vi er glade vi tok sjansen og reiste heile gjengen. Og spør du meg, er det ikkje lenge til vi prøver oss utanlands igjen. Eg reiser gjerne tilbake hit.

Beste helsing
Hjalmar Eiksund